



## SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FA-U60, TI-&80
Arkivsaksnr: 16/61	Løpenr: 18/4913
Sakstype: Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	14.06.2018	030/2018

## Val av medlemmer til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger

### 14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Etter den innleiande debatten foreslo Øyvind Strømmen (Mdg) gruppemøte/pause.

Etter gruppemøtet sette Olaug Øystese (A) fram følgjande framlegg til vedtak:

*"Følgjande to politikarar blir valde til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger med verknad frå 15.06.2018:*

- Øyvind Strømmen (Mdg) - leiar
- Olaug Øystese (A)

*Valet gjeld ut inneverande kommunestyreperiode.*

*Dei politisk valde medlemmene har det overordna ansvaret for å driva Fairtrade-arbeidet i Samnanger framover. Administrasjonen i kommunen bidreg med administrativ hjelp til styringsgruppa.*

*Styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger bør ha minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politisk valde medlemmene, bør òg ungdomsrådet, kyrkja og næringslivet oppmodast om å peika ut medlemmer til styringsgruppa. Privatpersonar bør òg ha høve til å vera med i styringsgruppa. Leiaren i styringsgruppa har mynde til å ta opp nye medlemmer i styringsgruppa.*

*Dei politisk valde representantane får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i folkevalde organ. Representantar frå ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i ungdomsrådet."*

Framlegget vart samrøystes vedteke.

**KS- 030/2018 Vedtak:**

Følgjande to politikarar blir valde til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger med verknad frå 15.06.2018:

- Øyvind Strømmen (Mdg) - leiar
- Olaug Øystese (A)

Valet gjeld ut inneverande kommunestyreperiode.

Dei politisk valde medlemmene har det overordna ansvaret for å driva Fairtrade-arbeidet i Samnanger framover. Administrasjonen i kommunen bidreg med administrativ hjelp til styringsgruppa.

Styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger bør ha minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politisk valde medlemmene, bør òg ungdomsrådet, kyrkja og næringslivet oppmodast om å peika ut medlemmer til styringsgruppa. Privatpersonar bør òg ha høve til å vera med i styringsgruppa. Leiaren i styringsgruppa har mynde til å ta opp nye medlemmer i styringsgruppa.

Dei politisk valde representantane får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i folkevalde organ. Representantar frå ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i ungdomsrådet.

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

#### **Kva saka gjeld:**

Kommunestyret gjorde 26.04.2018 følgjande vedtak ved handsaminga av interpellasjon frå Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) om Fairtrade:

*«Etter kvart kommunestyreval vil det bli valt inn to nye politikarar i styringsgruppa for Fairtrade Samnanger, som har det overordna ansvaret med å drive arbeidet framover. Administrasjonen bidrar med administrativ hjelp til styringsgruppa, i tillegg til å ha fokus på innkjøp av Fairtrade-produkt i kommunen. For å forankre arbeidet breitt i lokalsamfunnet er det anbefalt å få med fleire frivillige inn i styringsgruppa, til dømes representantar frå Ungdomsrådet, kyrkja eller frå bedriftene. Sidan det er over eit år til neste val blir det allereie no valt inn to politikarar i styringsgruppa saman med ansatte frå kommunen. Dette kjem opp som eigen sak til neste kommunestyremøte.»*

Som følgje av vedtaket må kommunestyret 14.06.2018 velja to politikarar til styringsgruppa.

Slik rådmannskontoret oppfattar det, har kommunen i dag i praksis ikkje ei styringsgruppe for Fairtrade. Kommunestyret valde i mai 2012 ei arbeidsgruppe, som skulle sjå nærmare på om Samnanger kunne bli ein Fairtrade-kommune. I denne arbeidsgruppa sat Anja Marken, Roy Vegar Hope og Øyvind Røen. Saman med representantar frå kommuneadministrasjonen jobba denne arbeidsgruppa i 2012 og 2013 med å førebu sak til kommunestyret om eventuell søknad om status som Fairtrade-kommune. Saka kom opp i kommunestyret i september 2013. Det vart då vedteke at Samnanger skulle søkja om status som Fairtrade-kommune. Søknaden vart innvilga og kommunen fekk status som Fairtrade-kommune i 2014. I praksis vart arbeidsgruppa då endra til styringsgruppe for Fairtrade i Samnanger, men det ser ikkje ut til at det vart gjort formelt vedtak om dette. Styringsgruppa vart i 2014/2016 utvida med tre nye medlemmer:

- Marijke Strømmen
- Oskar Kienitz (Ungdomsrådet)
- Ramona Skjerve (Ungdomsrådet).

Kommuneadministrasjonen v/Marianne Soleng og Jan Erik Boge deltok òg i styringsgruppa.

Anja Marken var leiar i styringsgruppa fram til januar 2016, men trakk seg då både frå leiarvervet og frå Fairtrade-arbeidet i Samnanger (som følgje av flytting). Marijke Strømmen sa seg då villig til å overta leiarvervet. Mellom anna på grunn av manglande administrativ støtte frå kommuneadministrasjonen, har det vore vanskeleg å få utført Fairtrade-arbeid i Samnanger etter 2016.

På Fairtrade Norge sine nettsider (i dokumentet «Søknadsskjema Fairtrade-kommuner») går det fram at ein Fairtrade-kommune må ha ei styringsgruppe, men at det er opp til kommunen sjølv å bestemma kor mange som skal sitja i styringsgruppa. Følgjande tre funksjonar må dekkast i styringsgruppa:

- Politisk støtte (politisk forankring)
- Kontakt med innkjøpsavdeling
- Minst ein kontaktperson til Fairtrade Norge

I tillegg oppmodar Fairtrade Norge om at representantar frå sivilsamfunn, handelsstand, næringsliv og liknande er med i styringsgruppa.

#### **Vurderingar og konsekvensar:**

Kommunestyret bør fastsetja kor mange medlemmer Fairtrade-styringsgruppa i Samnanger skal ha. For at gruppa ikkje skal bli for stor, bør den truleg ikkje ha meir enn fem medlemmer.

I kommunestyret sitt vedtak 26.04.2018 står det at «*det allereie no blir valt inn to politikarar i styringsgruppa saman med ansatte frå kommunen*». Det går klart fram av vedtaket at kommunestyret skal velja to politikarar til styringsgruppa. Det er meir uklart for rådmannskontoret korleis den siste delen av setninga («saman med ansatte frå kommunen») skal forståast. Dette bør avklarast i kommunestyret 14.06.2018.

Kommunestyret bør ta stilling til kor mange medlemmer styringsgruppa skal ha totalt. Rådmannskontoret trur det vil vera fornuftig at styringsgruppa har minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politikarane bør ungdomsrådet vera representert. I tillegg kan for eksempel kyrkja og næringslivet i kommunen oppmodast til å stilla med kvar sin representant. Dersom også andre er interessert i å vera med i styringsgruppa, bør det vera opning for dette.

Truleg bør berre dei politiske medlemmene i styringsgruppa veljast av kommunestyret.

Rådmannen har ikkje framlegg til kven som skal vera politisk valde medlemmer i styringsgruppa. Framlegg om dette må setjast fram i kommunestyremøtet 14.06.2018.

Den eine av dei politiske valde medlemmene bør vera leiar i styringsgruppa. Det vil truleg vera fornuftig at kommunestyret peikar ut leiaren.

Rådmannen har pr. i dag heller ikkje framlegg til eventuelle tilsettrepresentantar i styringsgruppa. Dersom kommunestyret sitt vedtak frå 26.04.2018 er å forstå slik at det skal veljast tilsettrepresentantar til styringsgruppa, må rådmannen få koma tilbake til dette.

Kommunestyret bør ta stilling til om det skal utbetalast møtegodtgjersle til medlemmer i styringsgruppa, og i så fall kor stor godtgjersle pr. møte. Rådmannskontoret si vurdering er at dei politisk valde medlemmene bør få utbetalt ordinær møtegodtgjersle. Tilsvarende bør eventuelle representantar frå ungdomsrådet få utbetalt same møtegodtgjersle som dei får for møte i ungdomsrådet. Eventuelle medlemmer, kyrkja, næringslivet samt privatpersonar bør ikkje få

møtegodtgjersle av kommunen.

**«Skisse» til mogleg vedtakstekst:**

*Følgjande to politikarar blir valde til styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger med verknad frå 15.06.2018:*

- .... (leiar)
- ....

*Valet gjeld ut inneverande kommunestyreperiode.*

*Dei politisk valde medlemmene har det overordna ansvaret for å driva Fairtrade-arbeidet i Samnanger framover. Administrasjonen i kommunen bidreg med administrativ hjelp til styringsgruppa.*

*Styringsgruppa for Fairtrade i Samnanger bør ha minst 5 medlemmer. I tillegg til dei to politisk valde medlemmene, bør òg ungdomsrådet, kyrkja og næringslivet oppmodast om å peika ut medlemmer til styringsgruppa. Privatpersonar bør òg ha høve til å vera med i styringsgruppa. Leiaren i styringsgruppa har mynde til å ta opp nye medlemmer i styringsgruppa.*

*Dei politisk valde representantane får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i folkevalde organ. Representantar frå ungdomsrådet får utbetalt møtegodtgjersle etter same sats som for møte i ungdomsrådet.*